

Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om rekruttering til restaurant- og matfag

Hovudutval for opplæring og kompetanse har tidlegare uttalt at ein ynskjer auka rekruttering til restaurant- og matfag og at prosjektet for auka rekruttering til RM som ein starta opp i Hordaland fylkeskommune skulle halde fram i Vestland. Søkjartala til RM for skuleåret 2021/22 burde ha vore høgare, men koronapandemien gjer gjerne situasjonen usikker og påverkar søkjartala.

Eg har difor desse spørsmåla til opplæringsdirektøren:

1. Korleis vert det jobba med auka rekruttering til restaurant- og matfag i Vestland fylkeskommune? Kva er status for «rekrutteringsprosjektet»?
2. Ser opplæringsdirektøren føre seg nye tiltak som kan auke rekrutteringa til restaurant- og matfag?

Med beste helsing

Alexander Fosse Andersen

Vestland Senterparti